

Fylkesmannen i Vestland

Norsk (bokmål) ▾

[Vestland](#) > [Helse, omsorg og sosialtjenester](#) > [Økonomisk sosialhjelp](#) > Nav må vurdere barns beste

Nav må vurdere barns beste

Når Fylkesmannen behandlar klagar på sosialhjelpsvedtak, og klagaren forsørgjer barn, skal vi sjå til at Nav har vurdert barnas behov.

[Tor G. Turøy](#)

Tlf: [55 57 22 22](#)

[Siren Rørgård Skjerven](#)

Tlf: [57 64 31 84](#)

[Elisabeth Lund-Iversen](#)

Tlf: [57 64 31 70](#)

Publisert 28.01.2019



Vurdering av barns behov vil ikkje alltid vere relevant, men då må Nav grunngje kvifor barns behov ikkje er relevant i den aktuelle saka. Nav må i alle tilfelle kartleggje om barnefamiliar har særskilde utgifter knytte til barn.

Klagesaker

I sosialklagesakene som Fylkesmannen får til behandling er barns situasjon av og til fråverande, utan at Nav grunngjev kvifor dei ikkje skriv noko om til dømes barns behov for klede og utstyr og om moglegheit til å delta i ulike fritidsaktivitetar. Dersom Nav ikkje har kartlagt barns behov, vil vi be Nav gjere dette før vi behandlar klagen, eventuelt vil vi oppheve vedtaket og sende saka tilbake til ny behandling hjå Nav.

Barnekonvensjonen

FNs konvensjon om barnets rettar, barnekonvensjonen, gjeld som norsk lov. Det følgjer av den norske menneskerettslova at ved motstrid skal barnekonvensjonen ha forrang for reglar i anna lovgjeving.

Når Nav behandlar søknader om stønad til livsopphald frå ein søkjar som har omsorg for barn, pliktar Nav å vurdere omsynet til barns beste. Det står i barnekonvensjonen at barns beste skal vere grunnleggande ved alle handlingar som vedkjem barn. Barnekonvensjonen forpliktar staten til å anerkjenne barns rett til ein levestandard som er tilstrekkeleg for barnets fysiske, psykiske, åndelege, moralske og sosiale utvikling. Ansvar er primært lagt til foreldra, men ved behov skal Nav sørgje for materiell hjelp og støttetiltak, særleg med omsyn til mat, klede, fritidsaktivitetar og bustad.

Foreldreansvaret

Det er foreldra som har ansvaret for familien sin økonomi. Foreldra har såleis ansvar for å sjå sine barns behov, og formidle desse til Nav. Nav skal til vanleg ikkje ta barn ut av skule eller barnehage for å snakke med det om familiens økonomi. Å hente barn ut til slike samtalar kan virke stigmatiserande, og det kan gi barn ein følelse av å ha ansvar for familiens vanskelege økonomi og sosiale problem. Arbeids- og velferdsdirektoratet skriv i rundskriv 35, punkt 5.42.2 til sosialtenestelova følgjande om barnefamiliar og sosialhjelp:

«Hvis barn er berørte av tjenestetilbudet, skal deres behov og eventuelle synspunkter som hovedregel fremmes gjennom foreldre og foresatte.»

Eigne ordningar for å ivareta barns behov

Fleire kommunar har ordningar som kjem barn i låginntektsfamiliar til gode utanom sosialstønad, slik som:

- kommunen betalar familiens/barns internettabonnement opp til eit gitt beløp.
- kommunen betalar for ein fritidsaktivitet per barn, som til dømes medlemspengar i ein idrettsklubb.
- kommunen har aktivitetskort for barn i låginntektsfamiliar.

Når kommunen har slike ordningar vil det medføre at nokre av barnas behov vert dekte. Når Nav behandlar familiens sosialhjelpssøknad må Nav likevel klarleggje om barn i familien faktisk får ivaretatt sine behov gjennom slike ordningar, og denne kartlegginga må kome fram i Nav si saksutgreiing.

Barnetrygd

I samsvar med kravet om likebehandling opererer kommunane med rettleiande satsar for barnetillegg til sosialstønaden. Nesten alle kommunane i vårt område har valt å følgje dei statlege rettleiande satsane. Nav må likevel vurdere kvar søknad om sosialhjelp konkret og individuelt, og Nav må fråvike den rettleiande satsen når forholda i ein familie tilseier det.

I statens rettleiande satsar for barnetillegg til sosialstønaden er barnetrygd ikkje halden utanom. Likevel har fleire kommunar valt å halde barnetrygda utanom, slik at barnetrygda kjem i tillegg til sosialstønaden. I vårt område har dei tre siste åra vore nedgang i talet kommunar som held barnetrygda utanom sosialstønaden:

2015: 17

2016: 12

2017: 10

Dei ti kommunane som har rapportert at dei ved utgangen av 2017 heldt barnetrygda utanom ved utrekning av sosialstønad er:

- Bergen
- Fjell
- Granvin
- Lindås
- Modalen
- Odda
- Os
- Samnanger
- Sogndal
- Øygarden

I 2015 tok Fylkesmannen i Hordaland opp med Arbeids- og sosialdepartementet at barnetrygda ikkje er halden utanom i dei statlege retningslinene for utmåling av sosialstønad. Departementet viste til rundskrivet til sosialtenestelova der det står at Nav kan leggje alle inntekter til grunn ved berekning av sosialstønad, altså også barnetrygda. Likevel presiserte departementet at:

«Hvordan kommunene behandler barnetrygden ved beregning av stønad til barnefamilier, skal i prinsippet ikke ha betydning for størrelsen på utmålt stønad. Hvis barnetrygden medregnes som inntekt, skal det tilsvarende tas hensyn til utgifter knyttet til barnet på utgiftssiden. Kommunene må, uavhengig av beregningsmåte, foreta en vurdering av hva som er et forsvarlig livsopphold i det enkelte tilfellet. Hvis tjenestemottaker har barn skal det etter gjeldende regelverk tas særlige hensyn til deres behov i disse vurderingene.»

[Her kan du lese heile Arbeids- og sosialdepartementet sitt svar til Fylkesmannen i Hordaland.](#)

Opplysningsplikt til barnevernet

Nav-kontora møter mange sosialhjelpsmottakarar som er foreldre, og forvaltar tenester som er av vesentleg betydning for barnefamiljar. Nav har derfor kunnskap om kva forhold utsette barn og unge lever under. Den som behandlar søknader om sosialstønad skal vere merksam på forhold som kan føre til tiltak frå barnevernstenesta.

Uten hinder av taushetsplikt skal Nav-tilsette av eige tiltak gi opplysningar til barnevernstenesta når det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla eller det ligg føre andre former for alvorleg omsorgssvikt, sjå sosialtenestelova § 45.

Statleg og kommunalt Nav

Nav er delt i ein statleg og ein kommunal del, og det er den kommunale delen av Nav som behandlar søknader om sosialstønad. Fylkesmannen er klageinstans og tilsynsmyndigheit for sosialstønad, men vi har ikkje noko å gjere med korleis den statlege delen av Nav handterer barns beste i saksbehandling og vedtak.

Fylkesmannen i Vestland

Post- og besøksadresser til kontorstadane våre

Telefon: 57 64 30 00

E-post: fmvlpost@fylkesmannen.no

Organisasjonsnummer: 974760665

Besøksadresser til våre kontorsteder

Ansvarlig redaktør: Lars Sponheim

Nettstedansvarlig: [Maria Nesse Haugen](#)

Personvernerklæring

Har du innspill til sidene våre?